

STILLINGSLEPP I VEST-TELEMARK

Vest-Telemarkrådet gjentek suksessen, og inviterer alle verksemder i Vest-Telemark til å bli med på nytt stillingslepp!

Framdrift

3. august: Det blir opna for registrering av stillingar på www.vest-telemark.no

1. september: Siste dag for registrering av stillingar

3. september: Stillingslepp – alle dei registrerte stillingane blir publisert

Kva for stillingar?

Alle! Det kan vere alt frå heile, faste stillingar til vikariat og sesongbaserte jobbar. Og kanskje har du ikkje ei konkret stilling, men du har arbeid dersom riktig person søker? Flott!

Kvifor stillingslepp?

Dette er ein god måte å profilere Vest-Telemark på. Vi ynskjer at fleire skal finne draumejobben i Vest-Telemark. Ved å leggje ut fleire stillingar samla, synleggjer vi den breidda som finst i arbeidsmarknaden i regionen vår. Eit anna viktig mål er å nå folk i etableringsfasa – her er jobb til begge!

Praktisk

I perioden fram til 3. august er det viktigaste at verksemdene førebur seg på stillingsleppet. Verksemdene bør kartleggje kva stillingar som kan vere aktuelle å ta med, og starte arbeidet med å førebu tekst til sjølve stillingsutlysinga. Eit skriv med tips og råd om kva ein må hugse på når ein skal lyse ut stillingar og tilsette nye folk, er vedlagt.

I perioden frå 3. august til 1. september er det registrering av stillingar som er viktig. Sjølve nettsida for registrering vil vere enkel og praktisk, med vanleg info knytt til type stilling, tittel, arbeidsstad, stillingstekst og kvalifikasjonar. Alle som legg inn stillingar vil ha tilgong til å redigere informasjonen. Vest-Telemarkrådet vil kvalitetssikre alt før publisering.

Frå 3. september er det marknadsføring av alle stillingane som er i fokus. Det vil bli målretta marknadsføring på nett, sosiale medier og ulike media.

Bli med!

Vi håpar at mange ser potensialet i å marknadsføre ledige stillingar i regionen på denne måten. Har du spørsmål eller lurar på noko, ikkje nøl med å ta kontakt med utviklingsleiar Johannes Rindal i Vest-Telemarkrådet på 41440928 / jr@vt-radet.no